

MØTE I SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

Onsdag 20. mars 2019 kl 10 – 14
Stad: Scandic Sunnfjord Hotell, Førde

SAKSLISTE/SAKSFRAMLEGG

Sak 1-2019 Årsmelding 2018

Syner til vedlagde årsmelding.

Sak 1-2019 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2018.

Sak 2-2019 Rekneskap 2018

Syner til vedlagt rekneskap med kommentar.

Sak 2-2019 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2018 til vitande

Sak 3-2019 Aktivitetsplan 2019

Syner til vedlagde aktivitetsplan

Sak 3-2019 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2019


Sak 4-2019 Budsjett 2019

Syner til vedlagt budsjett med kommentarar.

Sak 4-2019 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2019.

Vassområdekoordinator i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar og utgreiingar i tråd med budsjettet, og ved behov justere enkeltpostar.



Sunnfjord vassområde

Sak 5-2019 Konsekvensar av kommunesamanslåing

Fem kommunar i Sunnfjord vassområde er gjenstand for kommunesamanslåing frå 1.1.2020:

- Naustdal, Gaular, Førde og Jølster kommunar vert slått saman til Sunnfjord kommune
- Flora kommune vert slått saman med Vågsøy kommune til Kinn kommune

Det er såleis nye kommunar som får ei rolle i vassområdeutvalet. Prosjektgruppa legg til grunn at dei nye kommunane overtar forpliktingane til dei noverande kommunane. Dette omfattar finansiering med same årlege beløp som i dag, jamfør prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016 - 2021. I 2020 og 2021 vil såleis Kinn kommune bli fakturert for same beløp som det årlege bidraget frå Flora kommune, medan Sunnfjord kommune vil bli fakturert for summen av dei årlege bidraga frå Naustdal, Gaular, Førde og Jølster kommunar. Neste høve for justering av organisering og kostnadsfordeling vert ved revidering av prosjektplanen for neste planperiode, 2022 – 2027.

Prosjektgruppa legg til grunn at kvar kommune vel ein politisk representant til vassområdeutvalet i samband med konstituering av kommunestyra hausten 2019. Dette gjeld alle kommunane som inngår i Sunnfjord vassområde frå og med 2020 (Kinn, Askvoll, Fjaler og Sunnfjord).

Kvar kommunane utpeikar ein administrative kontaktperson til vassområdeutval og prosjektgruppe. Alle kommunane står fritt til å sende fleire tilsette til møte, slik som praksisen er i dag i vassområdet.

Sak 5-2019 VASSOMRÅDEKOORDINATOR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet legg til grunn at kommunar som slår seg saman overtar forpliktingane til dei noverande kommunane. Dette omfattar finansiering med same årlege beløp som i dag, jamfør prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016 - 2021.

Vassområdeutvalet legg til grunn at kvar kommune vel ein politisk representant til vassområdeutvalet i samband med konstituering av kommunestyra hausten 2019. Dette gjeld alle kommunane som inngår i Sunnfjord vassområde frå og med 2020.

Neste høve for justering av organisering og kostnadsfordeling vert ved revidering av prosjektplanen for neste planperiode, 2022 – 2027.

Vassområdekoordinator orienterer rådmennene i kommunane Flora, Naustdal, Gaular, Førde og Jølster om vedtaket.



Sunnfjord vassområde

Orientering: Høring av Planprogram og Hovudutfordringar i vassområda og vassregionen

v/ Merete Farstad, Sogn og Fjordane fylkeskommunen

Orientering: Presentasjon av resultata frå innsjøundersøkingane i Sunnfjord vassområde i 2018.

v/ Trond Stabell, Faun Naturforvaltning AS

Vedlegg:

Årsmelding 2018

Rekneskap 2018 og budsjett 2019

Aktivitetsplan 2019